



Kviteseid kommune
Sektor for skule og barnehage

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119
0032 OSLO

Dykkar Vår ref: Saksh:
2009/1196-
2

Arkivkode: Dato:
A00 12.11.2009

NOU 2009:18 Rett til læring - høyringsuttale

Kviteseid kommune, v/ Styre for Oppvekst og Omsorg har 19.11.09 i sak 33/09 handsama og vedteke slik uttale til NOU 2009:18 Rett til Læring:

Generelt

Kviteseid kommune meiner det er gjort eit grundig og omfattande arbeid i høve mandatet som vart gjeve. Kommunen er særleg positiv til at NOU'en ser heile opplæringsløpet i samanheng, og omgrepet livslang læring får meining ved at barnehage vert sett på som ein fullverdig del av opplæringsløpet.

Kap. 13

Kviteseid kommune stør prinsippet om tidleg innsats, og meiner innsatsen må starte i barnehagen. Eit tiltak som bør kome inn i samband med behandling av NOU'en, er å styrke førskulelærandelen i barnehagane. Dette vil heve kvaliteten og stø opp om barnehagen som pedagogisk verksemd.

Barnehage- og skuleeigar er gjennom heile NOU'en sidestilte, men ein minner om at majoriteten av norske barnehagar er ikkje-kommunale. Kommunen som barnehagemyndede vil med desse framlegga få utvida tilsynsområde.

Strekpunkt (SP)1. Oppfølging av barns og elevs utvikling

Skuleeigars plikt til oppfølging av læringsmiljø og er alt lagt inn i Opplæringslov kap. 9A og § 13-10. Når det gjeld barnehageeigars plikt, viser ein til den generelle kommentaren over.

SP3. Språkkartlegging i barnehage

Kommunen er foreslått å vere ansvarleg for ei språkkartlegging av barn i førskulealder. Ein viser til punktet over. Tyder dette at kommunane også skal drive kartlegging i dei ikkje-kommunale barnehagane, eller er dette ei oppgåve som er tenkt lagt til helsestasjonen?

SP4. Læringsboka

Læringsboka vert eit viktig verktøy, som er tenkt å følgje barnet frå barnehagen til vidaregåande opplæring. Samarbeidet med føresette er sentralt, og det juridiske aspektet må vere klarlagt i høve overgangar frå barnehage til skule og dei ulike forvaltningsnivåa frå grunnskule til vidaregåande opplæring. Det er ingen barnehageplikt, og dei barna som ikkje går i barnehage, må ikkje oppleve manglande læringsbok som eit hinder for sitt vidare opplæringsløp.

SP6. Dokumentasjons- og rapporteringsarbeid

Det er særst positivt om det skjer ei rydding og samordning av dokumentasjons- og rapporteringsrutinar.

Kap.14

Slik kommunen ser på forslaga som ligg i kapittel 14, er det opna for mindre byråkratisering ved ei enklare sakshandsaming i forkant av vedtak om spesialundervisning. Dette synest positivt, særleg sett i høve til kva for rolle som er tenkt for PP-tenesta (kap. 16). Det er likevel viktig å streke under dei individuelle rettane knytt til vedtak om spesialundervisning.

SP1. Ekstra tilrettelegging

Det synest ikkje vere grunn for å endre omgrepet spesialundervisning til ekstra tilrettelegging.

SP2. PP-tenesta i vidare tilrettelegging

Det er positivt om PP-tenesta får ei rolle nærare barnehage og skule. Prosessen som elles er skildra i punktet, liknar på eksisterande rutinar. Der det er snakk om mindre styrkingstiltak, er det i dagens ordning rom for fleksibel ressursbruk, slik at tilleggsressursane kjem grupper av fleire elevar til gode.

SP3. Relevant kompetanse

Kompetanse er viktig, særleg når det gjeld dei som er sett til å ha ansvar for spesialundervisninga. Punktet er følgt opp i kapittel 18, ved at noko kvalifisering er tenkt lagt til grunnutdanninga. Ei ytterlegare vidareutdanning er nødvendig, noko som er ein føresetnad for at norsk skule skal lukkast med spesialundervisninga.

SP7 Ekstra tilrettelegging i barnehagelova

Framlegget, saman med dei andre endringsframlegga i barnehagelov, går i retning av ei samanslåing av barnehagelov og opplæringslov.

Kap 15

SP2 Differensierte læreplanar

Effekten av kunnskapsløftet har synt at det er avgjerande for elevane, at det vert utvikla differensierte læreplanar for yrkesfag og studieførebuande program.

SP3. Forsterking av overgangsrutinar

Kommunen ser positivt på betre rutinar for overgangar mellom barnehage og grunnskule og grunnskule og vidaregåande opplæring. Ulike forvaltningsnivå kan likevel vere eit hinder for at overgangar og samarbeid vert smidig.

SP8. Sosialpedagogisk teneste

Den sosialpedagogiske delen av rådgjevingstenesta har no i lovverket same status som den yrkesretta rådgjevinga, men vert truleg lågare prioritert i praksis. Ei ytterlegare presisering vil vere viktig, men sos.pedtenesta må vere knytt til kvar skule. Det er ein føresetnad med ein grundig kjennskap til kvar elev.

Kap 16

Ein generell kommentar til kapitlet er at det synest optimistisk å forvente at dei endringar og omorganiseringar som er foreslege som gjeld PP-tenesta og Statped, kan gjerast utan at det fører til auka kostnader.

SP1 /SP4. PP-tenesta sine oppgåver og kompetanseprogram

Ein gjennomgang av PP-tenesta sine oppgåver er positivt, og ein tettare kontakt mellom tenesta og barnehage/skule er etterspurd. Det er behov for ei ytterlegare kompetanseheving på dei sentrale oppgåvefelt som er nemnde. Det er likevel sterke signal på at det ikkje er ønske om eit nytt Samtak, kompetansehevingsprogrammet som vart gjennomført i starten av 2000-talet.

Kap 17

Dei samordningstiltak og gjennomgang av grenseoppgangar som er foreslege er positive for å sikre nødvendig heilskap og barn og unges oppleving av kontinuitet.

SP5 Personleg koordinator

Ein personleg koordinator er vesentleg når det gjeld langvarige og koordinerte tenesteer

SP8 PP-tenesta og henvising

Det synest tenleg og vil vere eit effektiviseringstiltak viss PP-tenesta får sjølvstendig henvisingsrett til BUP og HABU.

Kap 18

Kompetanseheving er nødvendig på alle nivå og område, samstundes som felles kompetanseheving for ulike yrkesgrupper kan styrke samarbeidet og gje dei felles referanserammer.

SP1 og 2 Allmenn kvalifisering i grunnutdanninga/etter- og vidareutdanning

Styrking i grunnutdanninga vil vere nyttig, samstundes som etter- og vidareutdanning innan feltet må gjerast attraktivt og tilgjengeleg over heile landet.

For

Styre for oppvekst og omsorg,

(Signatur)

Sektorleiar for skule og barnehage